

# Informasjon frå Fitjar kommune

Regjeringa har kunngjort at koronapandemien i Noreg er under kontroll og at samfunnet kan opnast gradvis, etter at det vart innført omfattande smittevernstiltak i mars. For å hindra at pandemien skal blussa opp att er det avgjerande at me framleis følg helsestyresmaktene sine råd.

- Smittvernstandardar som vert utvikla nasjonalt for ulike bransjar og arrangørar skal følgjast !
- I Fitjar kommune gjennomfører me gjenopning av våre tenester og samfunnet i tråd med nasjonale råd og framdriftsplan.

Dersom det er behov for å få ut informasjon om spesielle saker vil dette komma på kommunen si heimeside.

**Folk med akutt luftvegsinfeksjon må venda seg til fastlege eller legevakt** som rådfører seg med kommunal koronasentral på telefon [53 49 66 66](tel:53496666) , som no har ope 10.00 - 15.00 måndag, onsdag og fredag. Utanom opningstidene, helgedagar og laurdag/sundag vert telefonen ruta til legevakta 116117 som kan hjelpa til med rådgjeving.

Lag og organisasjonar som har spørsmål om praktisering av nasjonale retningslinjer for smittevern, kan ta kontakt med oppvekst- og kulturavdelinga i kommunen på e-post [jora@fitjar.kommune](mailto:jora@fitjar.kommune) eller tlf. 97 50 13 70.

## Smittestatus i Fitjar:

I Fitjar kommune har det så langt vorte påvist 8 personar med koronasmitte. Det siste tilfellet vart registrert 11. april.

## Oppmjuking av besøksreglar til sårbare grupper frå 15.06.2020

På Fitjar bu- og behandlingssenter må besøkjande melde frå til personalet når dei kjem. Havnauset er ope.

## Besøksreglar

- Det må dokumenterast kven som har vore på besøk, for å letta arbeidet ved eventuell smittesporing.
- Besøk på rom eller ute, ikkje i fellesareal.
- Pårørande som har vore i utlandet eller hatt symptom med feber, sår hals og hoste kan ikkje treffe bebuarane.
- Besøkjande må vaske/sprite hendene før og etter besøket.
- Hald avstand frå bebuarar og personale med 1-2 meter.

## «Hald avstand»

FHI - Ved å halde avstand avgrensar me korona (Covid-19)

- God hand- og hostehygiene, prøv å unngå å ta deg i andletet.
- Personar som bur saman kan omgås normalt.
- Unngå handhelsing, samt kyssing og klemming.
- Hald avstand til andre, både på jobb, ute og andre stadar du oppheld deg.
- Avgrens antal personar du har nær kontakt med.
- Er du sjuk skal du vera heime.

Oppdatert informasjon er å finna på [www.helsenorge.no](http://www.helsenorge.no)